

Et samarbeide
mellom en lokalavis
og den lokale
handelsstanden



Bøblad
Lokalavis for Midt-Telemark

SENTRUMSRINGEN
handelsstanden i Bø

1986: starten av Bø blad – og Sentrumsringen

Bø blad ble grunnlagt i 1986 – bare måneder etter ble Sentrumsringen i Bø stiftet. Sentrumsringen er en handelsstandsforening som består av butikker, spisesteder, banker, frisører.

Sentrumsringen fikk sine inntekter av medlemskontingenter + annonseinntekter av sin egen annonseavis – 'Bøposten'.

Bøposten var Bø blad sin største konkurrent på annonsemarkedet.

Sentrumsringen hadde én ansatt – denne stillingen ble dog mindre og mindre; Det var snakk om en 30% stilling, men jobben var mye mer enn det. Dette resulterte i hyppig utskifting i stillingen, og derfor manglende kontinuitet.



Februar 2020 – endelig!

Skal samarbeide

Sentrumsringen i Bø og Bø blad samarbeider om ein ny felles marknadstilling.

Oystein Akselberg
oystein@boblad.no • tlf. 906 38 453

Sentrumsringen i Bø og Bø blad inngår i desse dagar eit heilt nytt samarbeid. Det går ut på å skape fleire arrangement i Bø sentrum og få fleire annonser inn i lokalavis.

Heilt ny stilling

– Dette har me jobba med lenge, og endeleg er det på plass. No skal me samarbeide i staden for å konkurrere. Det er til beste for alle partar, seier leiar i Sentrumsringen i Bø, Tove Lundberg Bringa.

Ho fortel at Sentrumsringen lenge har slite med å få sving på eige marknadsarbeid, særleg har arbeidet med arrangement vore skadslidande.

– Stillinga som marknadskoordinator i Sentrumsringen har vore utfordrande, med ein svært liten stillingsprosent. Me har ikkje klart å følge opp alt som er ønskeleg, seier ho.

No blir det utlyst ei prosjekstilling i 100 prosent, i første omgang for eitt år.

– Dette er ein vinn-vinn-situasjon for både handelsnæringa og lokalavis, seier redaktor og dagleg leiar i Bø blad, Hilde Eika Nesje, og legg til at lokalavis ønskjer å gjere avisa til den viktigaste annonsekanalet i Midt-Telemark.

– I tillegg kan me vere ein meir aktiv delaktar i lokalsam-



SAMARBEIDER: Leiar i Sentrumsringen i Bø, Tove Lundberg Bringa (t.v.) og redaktor og dagleg leiar i Bø blad, Hilde Eika Nesje, inngår eit nytt samarbeid med både marknadstiltak og arrangementarbeid for handelsnæringa i Midt-Telemark.

funnet med denne stillinga, seier Eika Nesje.

Fleire arrangement

Den som får den nye marknadstillinga skal i hovudsak handtere to oppgåver: Marknadsføring og annonsesal i tillegg til å lage felles arrangement for handelsnæringa. Den tilsette vil ha kontor i Bø blad sine lokale, og vere tilsett i lokalavis.

På sikt vil Sentrumsringens reklameavis, Boposten, inngå som del av Bø blad.

– Annonseme vil bli minst

like synlege som før, men vil i løpet av året bli ein integrert del av lokalavis, seier Lundberg Bringa.

Boposten har normalt ni utgjevingar per år i dag.

– Me har tru på at samarbeidet skal løfte fram handelsstanden på ein ny og betre måte enn me har klart dei siste åra. Me vil få stabilitet og meir fokus på arrangement. No vil me løfte nattpote til gamle og gode høgder, seier Lundberg Bringa, og legg til at ho håpar dei også kan utvikle nye arrangement.

– Me ønskjer oss ein person

– Me ser svært positivt på samarbeidet og håpar at avisa blir nærare knytt til handelsstanden, seier Eika Nesje.

Vil nå fleire

– Me trur lokale annonser når betre fram til publikum gjennom avisa. Undersøkingar viser at annonser i lokalavis både blir lest og hugsa betre enn viss dei står i ei reklameavis, seier Eika Nesje, og legg til at i praksis vil Bø blad vere utgjevar av Boposten i overgangsåret.

– Me ønskjer oss ein person

som brenn for handel, arrangement og at det skal bli meir liv og røre i Midt-Telemark, seier Lundberg Bringa, som sjølv har vore leiar for styret i Sentrumsringen det siste året.

Sentrumsringen har rundt hundre medlemmer i dag, men vil gjerne ha fleire.

– Me vil gjerne ha fleire aktørar med, gjerne frå heile Midt-Telemark, seier Lundberg Bringa.

LEIAR

Eit nytt samarbeid

Eit historisk samarbeid skal nå ta til. Heilt sidan Bø blad såg dagens lys på seinsommaren i 1986, har lokalavis blitt utgjeve parallelt med handelsstanden i Bø si eiga reklameavis, Boposten. Det har ført til at ein har hatt to konkurrerende kanalar der den lokale handelsnæringa har marknadført seg sjølv og produkta sine. For begge har det vore både fordelar og ulemper med ordninga, og til tider krevjande.

Det som skjer nå er derfor ein markør i kalenderen: Sentrumsringen i Bø og Bø blad har nyleg underteikna ein avtale der målet er å løfte begge aktørar på område der dei treng det mest. Det skal ein gjere ved å samarbeide om ein heilt ny marknadstilling. I første omgang prøver me oss fram eitt år, deretter er håpet at dette skal gå så bra at stillinga vil bli permanent. Det er bra for begge partar, men også for kommunen som får ein ny arbeidsplass.

Den som får den nye stillinga vil få ein viktig posisjon i den nye kommunen. Ikkje bare skal den rette personen sørge for at gode og informative annonser når innbyggjarane i Bø blad. Han eller ho skal også skape liv og røre i kommunen. Gode og samlande arrangement skal sørge for at Bø sentrum blir ein aktiv stad å tilbringe tid i for både små og store innbyggjarar. BAKANFØRIGGJANDE mål med dette er å styrke og rofeste betre både den lokale handelen og Bø blad som annonsekanal i ei krevjande tid for lokalavis.

Det er verken lett å drive avis eller lokal handel i desse dagar. Strukturar og utvikling i samfunnet skaper mange truslar for desse næringane. Netthandelen er ein reell trussel mot dei som driv butikkar i lokalsamfunnet, og den enorme informasjonsstraumen og rammevilkåra gjer det krevjande for små medium. Begge er avhengige av bevisste innbyggjarar, som veit å tenkje og prioritere lokalt på fleire nivå. Om ein bare handlar på nett og ikkje brukar dei lokale butikkane, vil dei til slutt gå dukken og gatene i sentrum blir tomme. Om ein ikkje brukar, det vil seie abonnerer, på lokalavis, vil heller ikkje den ha ei framtid. Så enkelt er det.

Det nye samarbeidet mellom handelsnæringa og lokalavis er derfor viktig. Det skal skape ein vinn-vinn-situasjon for begge partar, og ikkje minst løfte to svært viktige og samlande institusjonar i lokalsamfunnet i Midt-Telemark. Slikt blir det enda meir levande lokalsamfunn av.

Hilde Eika Nesje

Ansvarleg redaktor
Hilde Eika Nesje

Bø blad er lokalavis for Midt-Telemark, ein kommune i sterk vekst og utvikling, med rundt 10.500 innbyggjarar. Aktiviteten er stor på dei fleste område i kommunen. Bø blad kjem ut ein gong i veka på papir og kvar dag på nett. Avisa har eit opplag på 2563 (2018).

I samarbeid med Sentrumsringen i Bø opprettar Bø blad ei eittårig prosjekstilling i marknadskonsulent i lokalavis, med mulegheit for fast stilling etter prosjektprioriteten. Me søker derfor:

MARKNADSKONSULENT

i 100 % eittårig prosjekstilling (med mulegheit for fast stilling)

Stillinga er todelt:

40 % arrangementsansvar/aktivitetskoordinator for Sentrumsringen.
60 % marknadskonsulent for Bø blad og Sentrumsringen.
Arbeidsoppgåver er Bø blad og arbeidsstad blir i lokalavis i Bø sentrum. Arbeidsoppgåver vil i hovudsak vere knytt til annonsesal, samt planlegging og gjennomføring av små og store arrangement for handelsstanden i Bø sentrum. Personen me søker må og vere fleksibel og kunne ta på seg andre oppgåver viss situasjonen krev det.

Me søker deg som:

- har erfaring frå eller utdanning i marknadsarbeid
- har erfaring frå prosjektarbeid
- er ein god seljar
- har evna til å samle ulike aktørar om felles prosjekt
- er kreativ og klarar å «snu på flisa» ved å tenkje nytt om tradisjonelt
- kan arbeide sjølvstendig og resultatorientert, men som òg jobbar godt i team
- er effektiv, ryddig og systematisk, og med god evne til å planlegge kort- og langsiktig
- har stor arbeidskapasitet
- kjenner til Office, Photoshop og Illustrator

Me tilbyr eit hektisk, men triveleg arbeidsmiljø i ein spennande og utfordrande arbeidskvardag. Pensjonsordning. Lønn etter avtale.

Søknadsfrist: innan måndag 24. februar 2020

Søknad med CV og referansar sendast på e-post til hilde@boblad.no. For spørsmål og meir informasjon, kontakt: Dagleg leiar/redaktor Hilde Eika Nesje, tlf 947 89 450 eller hilde@boblad.no. Sjå elles www.boblad.no

Bø blad
Lokalavis for Midt-Telemark
35 95 19 45 | annonse@boblad.no | boblad.no

Prosjektstilling i 1 år fra 1. oktober 2020

60% for Bø blad – markedsarbeide

40% for Sentrumsringen – arrangementsarbeide

Arbeidsgiver er Bø blad, arbeidsplass ved Bø blad

Bø blad fakturerer Sentrumsringen for 40% av lønnskostnadene.

Annonseavis i Bø blad når avisen har fulldistribusjon (6x i året). I tillegg distribusjon av selve annonseavisen (4x i året).

Bø blad står for alle kostnader rundt annonseavisen, dvs. grafisk arbeide, trykk, distribusjon.

Evaluering etter 1 år.



Fordeler for begge parter



BYTTAR STYRELEIAR: Gamal og ny styrelei i Sentrumsringen i Bø etter møtet på Bø hotell onsdag. Ottar Langåsdaalen tok over vervet etter Tove Bringsa. Foto: José Bakker

Ny styreleiar i sentrumsringen

Ottar Langåsdaalen (35) blei onsdag vald som ny styreleiar for Sentrumsringen i Bø. Eit levande og tilgjengeleg sentrum står hans hjarte nær.

Det er José Bakker som er tilset i samarbeidsstillinga mellom Sentrumsringen og Bø Blad. Langåsdaalen peikar på at Sentrumsringen har mange en-



VIL HA JULETEIKNEKONKURRANSE: José Bakker, styreleiar den gamle lokale avis Bø Blad, vil at sentrum skal ha juleteiknekonkurranse. Det skal innleiar teikningar til ein godtepose.

Julegrantenning avlyst, men du kan teikne og få godtepose



OKTOBERMARKNAD: Torgens marknadslager på Bø lag har vore populære både for utstillere og publikum. Bli såg det ut for nokre å sjå. ANNEBØ

Oktober er marknad

Vil ha regulering og like reglar



NYE I HJØTT-TELEMARK: Hanne Fossheim (i), lokal sentreleiar, og tydensar Stine Hegna, med barn i vedset, på oppgjevingen for den nye beifalla. Foto: Øystein Aaseberg



Vil bevare sentrum



BØ HONDELEPARK: Anneten av Bø Handelpark er tid og tidseffektive og medlemmer i Sentrumsringen møter på 104. Østen vider. Dei meiner ein skal kan sjå på 10. derne utvidinga. F. v. Tove Lundberg Bringsa, José Bakker, Bjørn Nordbø, Heidi Børn. Foto: Øystein Aaseberg



STYRKJEIEN ALKE: Styreleiar i Sentrumsringen, Ottar Langåsdaalen, angir at marknadslaget for butikkar skal vere 1.500 kvadrattmeter i Handelparken. Foto: Marta Kjellstad

- Viktig at både sentrum og handelparken kan utvikle seg



DRØYMER OM SØNNEREN: Leiar i Sentrumsringen, José Bakker (i v) og sentreleiar Tove Bringsa drøymar om sentrum og at ein kan ha arrangement eigen. Dei håpar tak med fram med å bruke dei lokale butikkar og så til ting normaliserer seg. FOTO: Marta Kjellstad

- Me er evig takknemlege for at folk har brukt oss og støtta lokal handel



BØ I HONORE: José Bakker i Sentrumsringen inviterer lag og foreningar til Bø lag laurdag 16. september. FOTO: Karoline Sefstland

- Laurdag skjer det. Bli med oss på torget!



SPORTSAMLEIEN BRUKAR: Familebestyrta Sport går så det susar. I år feirar dei 50 år sidan oppstarten og måndag var heile familien samne i butikken. F. v. Ingrid, Jon Einar, Gunnvør og Solveig. Framme står ein ny generasjon med Ottar Bender Bringsa (i) og Anne Mar Bringsa. Foto: Øystein Aaseberg

Feirar 50 år med omsetning på 50 millionar kroner



- BRUK FANTASIEN: José Bakker oppfordrar barn til å bruke fantasien når dei teiknar og bli med på teiknekonkurranse.

Inviterer til ny konkurranse for barn

Sentrumsringen vil stimulere til aktivitet for barn i ei tid då det skjer lite. Derfor inviterer den no til ein teiknekonkurranse liknande den ein hadde før jul.



BORAG BLIR TIL PYNT

Juleteiknekonkurranse blei ein suksess



Ny butikk opna på Bø senteret

1 år senere...

Samarbeidet fortsettes – både Bø blad og Sentrumsringen er fornøyde;


Fordeler for Bø blad:

Bø blad er tett på handelsstanden – mange godt leste næringslivssaker. Annonser fra handelsstanden i annonseavisene, men også i de vanlige avisene!

Fordeler for Sentrumsringen:

Sentrumsringen har en ansatt i 40% stilling, men 100% tilstedeværelse. Forutsigbar for handelsstanden. En person i fast stilling. Får god omtale om arrangementene sine. Sentrumsringen deler relevante saker på FB sin.

For at Sentrumsringen kan lage aktiviteter avtales det at Sentrumsringen får 20% av annonseinntektene av annonseavisene til Sentrumsringen. Dette er også en god stimulering for SR sine medlemmer.



Tallene...

Annonseinntekter fra annonseavisen (10 ganger i året.):

2021: kr. 1.247.000

Budsjett 2022: kr. 1.345.000 (= 25% av totale budsjetterte annonseinntekter i Bø blad)